



SAKSHANDSAMAR
Erik Småland

VÅR REF.
11/01585-4

DYKKAR REF.

ARK. Forvaltningsarkivet
822.1

INNVALSTELEFON

+47 98202739

DYKKAR DATO

VÅR DATO
04.02.2014

TELEFAKS

+47 22 94 04 04

postmottak@ra.no

www.riksantikvaren.no

Hordaland fylkeskommune - Kultur- og idrettsavd.
Postboks 7900
5020 BERGEN

Hordaland Fylkeskommune

10 FEB 2014

SAVOS-ORDNINGA, HORDALAND FYLKESKOMMUNE, TILSEGN OM TILSKOT FRÅ STATSBUDSJETTET 2014 KAPITTEL 1429 POST 74, FARTØYVERN

Riksantikvaren syner til søknad datert 08.11.2013 om tilskot frå statsbudsjettet 2014 kapittel 1429 post 74 fartyvern, til fordeling hjå Hordaland fylkeskommune over SAVOS-ordninga.

I statsbudsjettet for 2014 er det på Riksantikvaren sitt budsjett, kap. 1429 post 74, sett av 51.712.000,- kroner til fartyvern. Det har kome inn søknader frå 154 farty og 3 SAVOS-fylke på til saman 163.905.866,- kroner for inneverande år. Dette medfører at Riksantikvaren sitt budsjett berre dekkjer 35 % av samla søknadssummen, og at fleire farty som oppfyller kriteria for tilskot og/eller fell inn under Riksantikvaren sine prioriteringar vil måtte få avslag eller redusert beløp i høve til søknaden. Midlane er i hovudsak fordelte på freda farty, prosjekt under arbeid, større farty som står i fare for å miste sertifikat utan utbetringar, samt fartøy som vil kunne kome av slipp eller ut or dokk.

Vi syner til vedlagde utfyllande informasjon.

VEDTAK

Riksantikvaren gjev med dette ei tilsegn om tilskot for 2014 på inntil

kr. 840.000 frå kapittel 1429 post 74.

Tilsegna kan utbetalast når fylkeskommunen har gjort vedtak om fordeling.

For 2014/2015 ber Riksantikvaren om at SAVOS-fylka handsamer ordninga på følgjande vis: Søknadsfrist til fylka vert sett til 1. desember 2014. Søknad til Riksantikvaren med totalsum og prioritering av tilskot sendas innan 15. januar 2015.

Riksantikvaren minner om følgjande endring som vert i verksett frå og med budsjettåret 2014, og som det vart varsla om i tilsegnsbrev for 2013:

SAVOS-midlane kan berre fordelast til farty som har status som verna skip eller er freda. Midlar over Riksantikvaren sin post 74 er i St.prop. nr. 1S (2013-2014) avgrensa til «fartøy der det er inngått avtale med eigarar om vern». Ei slik avgrensing er også naudsynt for å harmonisere tilskot til fartyvern med det vedtekne bevaringsprogrammet for farty.


Høve til å klage

Vedtaket kan klagast til Miljøverndepartementet, jf. forvaltningslova § 28. Ei eventuell klage blir stilt til klageinstansen, men blir sendt til Riksantikvaren innan tre - 3 - veker frå dette brevet er mottatt, jf. forvaltningslova § 29.

Tilskotsreglementet

Med tilvising til Tilskotsreglementet § 10 gjer vi merksam på at Riksantikvaren har høve til å føre kontroll med at tilskotet blir brukt etter føresetnadane. Riksrevisjonen har tilsvarende kontrollhøve heimla i lov om riksrevisjonen av 7. mai 2004 § 12.

Beste helsing



Dagfinn Claudius
avdelingsdirektør



Mari Søbstad Amundsen
konst. seksjonssjef

Vedlegg:

1. Retningsliner og vilkår